



Ål folkehøgskule vurderer framtida

Ål folkehøgskule har vurdert andre tilhaldsplassar enn Ål i ein framtidsanalyse. ARKIVFOTO: INGRID EMILIE B. WAALER

Ål folkehøgskule har behov for å nytte den 195 mål store eigedom meir effektivt.

VILDE JAGLAND
vj@hallingdolen.no

Ål folkehøgskule og kurssetter for døve har sendt eit innspel til revidert arealplan i Ål kommune, der dei skisserer ulike framtidsplanar for verksemda som alle vil ha betydning for arealbruken. Ønsket er å bruke eigedommen til hytte- eller bustadforemål.

Bakgrunnen er mellom anna at bygningsmassen er stor og økonomisk krevjande å halde ved like. Folkehøgskulen har difor tidlegare i år ferdigstilt ein analyse av ulike framtidsmoglegheiter, der dei også har vurdert andre tilhaldsplassar enn Ål som er meir tilgjengeleg for brukarane.

Tre framtidsbilete

Ål folkehøgskule held til på Bakketeigen i Ål kommune og har ein eigedom på om lag 195 mål med 25 bygningar. Hovuddelen av eigedommen er regulert til allmenntilgjengelege foremål og den

resterande delen til spesialområde (kulturområde og område for bevaringsverdig byggesmasse). Det er i alt 170 overnattingsplassar på eigedommen.

Prosessene med å rullere arealplanen omfattar eigentleg ikkje sentrumsnære område som Bakketeigen, men Ål kommune har uttrykt til folkehøgskulen at det likevel kan vere interessant dersom det er aktuelt å regulere området til hytte- eller bustadforemål.

I analysen er det utarbeidd tre alternative framtidsbilete, der to føreset å framleis vere i

Ål, medan eitt føreset flytting. I alle alternativa er det lagt til grunn at eigedommen heilt eller delvis kan avhendast og bli brukt til andre føremål, fyrst og fremst hytte- eller bustadforemål. Det krev reguleringsendring, som er bakgrunnen for at folkehøgskulen har sendt innspillet til Ål kommune.

Vurderer flytting

Styret til folkehøgskulen har ikkje teke stilling til vegen vidare, men ser det vil vere nødvendig å effektivisere bruken av areal.

Styreleiar Sonja Myhre Holten ønsker ikkje å utdjupe saka vidare, men skriv følgjande i ein mail: – Me er i ein utgreiings- og undersøkingsfase kor me ser på alle høve for kva som er best for folkehøgskulen. Folkehøgskulen undersøker korleis den store eigedommen kan bli brukt meir effektivt. Det kan også vere aktuelt å vurdere ei mogleg flytting av folkehøgskulen ein annan stad, men så langt er dette berre eit teoretisk spørsmål. Styret vil bruke den tida me treng og har ikkje teke nokon avgjerd i denne saka.

Ordføraren: – Ein enormt viktig arbeidsplass

Ordførar Solveig Vestenfor (Ap) understrekar at Ål kommune vil gjere det dei kan for at folkehøgskulen blir verande i Ål.

– I samfunnsdelen i arealplanen står Ål folkehøgskule spesifikt nemnt. Me vil legge til rette for vidare drift der. Det er ein enormt viktig arbeidsplass for Ål. Ikkje minst er det teikn-

språklege ein viktig del av dna-et i lokalsamfunnet, seier ordføraren.

Fagleg kompetanse

Ho håpar skulen legg vekt på den faglege kompetansen som har etablert seg i Ål.

– Veldig mange som jobbar der er ålingar, så me håpar dei tek omsyn til det. Eg har vore i kontakt med mange som kjenner Ål nettopp på

grunn av Bakketeigen. Dei understrekar at å kunne møtest der som forelder, elev eller for å lære teiknspråk, gjer at Ål blir spesielt for alle som er engasjert i det miljøet.

Vil leggje til rette

Det er ein viktig verdi i Ål-samfunnet og for det teiknspråklege miljøet i Norge, held Vestenfor fram.

– Det er ikkje så mange plassar i Norge der handelsstanden er så gode til å bytte over til teikn som her. Anten ein jobbar i klesbutikk eller i kassa på Kiwi, kjem det ikkje overraskande når det kjem folk som bruker teikn. Det gjer rom for at folk kan vere den dei er.

Kommunen har gitt tilbakemelding om at dei vil leggje til rette og

vere ein bidragsytar, slik at folkehøgskulen held fram med å vere i Ål.

– Mange folkehøgskular har vore nøydd til å gjere endringar sidan dei vart etablert, og mange har selt areal og rigga om på nytt. Me har forståing for at dei må gjere grep for å vere berekraftig framover, men me håpar at det vil vere i Ål, avsluttar ordføraren.

Utset rektorjakt

Ål folkehøgskule utset å tilsetje ny rektor og lyser ut stillinga på nytt neste år.

Årsaka er at dei hadde få teiknspråklege søkjarar i år og at dei ønsker ein forsvareleg prosess. Koronapandemien har også påverka avgjerda, fortel styreleiar Sonja Myhre Holten.

Ann-Kristin Malmquist er konstituert rektor inntil vidare.